

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Video

MØTETIDSPUNKT: 24.03. 2021, KL. 0900 - 1530

Styremøte var ope for publikum og presse på telefon

Deltakarar frå styret

| | |
|------------------------|------------|
| Einar Strømsvåg | Styreleiar |
| Olin Johanne Henden | Nestleiar |
| Sigurd Hille | Medlem |
| Pernille Lysaker | Medlem |
| Ingeborg Morken | Medlem |
| Gunnar Berge | Medlem |
| Marie Skontorp | Medlem |
| Egil Olsen | Medlem |
| Wenche Kristin Røkenes | Medlem |
| Jan Oddvard Gjerde | Observatør |

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

Ope del

Sak 015/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blir godkjent.

Sak 016/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 17.02. 2021

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 17.02.2021.

Sak 017/21 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat, som etter ønskje frå styret var korta ned.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Koronaviruset – status i Helse Vest

Administrasjonen orienterte om situasjonen. Det er p.t. mykje smitte på Haugalandet og på Askøy.

På RHF-et vil alle vere på heimekontor med unntak av ein frå leiinga og ein frå sekretariatet fram til 12. april.

Massetesting på vidaregåande skular vi bli bredda i heile regionen. Helse Vest sender personell til Helse Sør-Øst for å avhjelpe situasjonen.

6. Oppfølging av læring på tvers

For å lære av uønska hendingar og avvikssaker er det utvikla ein teknisk løysing for deling av meldingar på tvers av føretaka i avvikssystemet Synergi, som blei ferdigstilt hausten 2020. Helse Bergen har utvikla og testa ut løysinga.

7. Nasjonal samordning og harmonisering

Dei regionale helseføretaka fikk tilleggsoppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet 21. juni 2019 om styrking av det tverregional samarbeidet for ein nasjonal samordna og harmonisert spesialistutdanning for leger:

«De regionale helseforetakene skal iverksette tiltak i 2019 for å styrke den nasjonale samordningen og harmoniseringen av legenes spesialistutdanning, herunder vurdere å etablere organisatoriske løsninger som kan ivareta dette tilfredsstillende på permanent basis. Arbeidet skal ledes av Helse Sør-Øst RHF»

Helse Sør-Øst RHF oppretta i samband med oppdraget ei arbeidsgruppe med 2 representantar frå kvar av helseregionane. Arbeidsgruppa har gjort greie for ei rekke utfordringsområde som bør løysast for å nå målet om ein meir samordna og harmonisert spesialistutdanning for legar. Til kvart av områda er det identifisert fleire konkrete tiltak. Enkelte tiltak er allereie iverksett, medan andre tiltak vil krevje meir langsiktig arbeid.

Omorganiseringa av spesialistutdanninga for legar er framleis ny og i utvikling. Det er behov for å vinne erfaringar for å finne gode og effektive løysingar for utdanninga.

Arbeidet som er gjennomført har vore nyttig for alle involverte. Det er ein felles oppfatning at strukturane og tiltaka som er etablert, vil bidra til å ivareta den framdrifta og utviklinga av spesialistutdanninga for legar som er ønskjeleg og i takt med samfunnsutviklinga. Endringa av spesialistutdanninga for legar må sjåast på som ein langsiktig utviklingsprosess som skal gjennomførast samtidig med ordinær drift i sjukehusa.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 018/21 Rapportering frå verksemda per januar 2021

Oppsummering

| Målekort Helse Vest - januar 2021 | | Nasjonale mål | Denne periode | | Mål oppnåelse |
|-----------------------------------|--|------------------|---------------|-------------|----------------------|
| | | | Faktisk | Mål HV | |
| Kvalitet | Ventetid - somatikk | 60 | 67 | 53 | |
| | Ventetid - VOP | 45 | 44 | 40 | |
| | Ventetid - BUP | 40 | 43 | 35 | |
| | Ventetid - TSB | 35 | 31 | 30 | |
| | Andel kontakter passert planlagt tid | | 9,30 % | | |
| | Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer | | 71 % | | |
| | Korridorpasienter somatikk | | 1,10 % | 0 | |
| Aktivitet: | | | | Tall i fior | Endring mot fjoråret |
| Somatikk | Døgnopphold | | 13 281 | 14 382 | -7,7 % |
| | Dagopphold | | 5 717 | 6 327 | -9,6 % |
| | Poliklinikk | | 113 316 | 116 835 | -3,0 % |
| Psykiatri | Døgnopphold | | 703 | 803 | -12,5 % |
| | Dagopphold | | 54 | 77 | -29,9 % |
| | Poliklinikk | | 34 780 | 32 320 | 7,6 % |
| TSB | Døgnopphold (ekskl. private) | | 109 | 102 | 6,9 % |
| | Dagopphold | | | | |
| | Poliklinikk | | 7 947 | 7 284 | 9,1 % |
| Bemanning | Brutto månedsvek | | 23 477 | 22 627 | 3,8 % |
| | Sykefravær (forrige måned) | 5,5 % | 8,1 % | 5,5 % | |
| Økonomi | Resultat | | Regnskap | Budsjett | Avvik |
| | | | 25 203 | 63 693 | -38 515 |

Koronapandemien

Spesialisthelsetenesta har framleis godt oversyn med og god kontroll med dei fem avgjerande faktorane som set tenestene i stand til å yte forsvarleg helsehjelp både til normal drift, og til korona-sjuke: personell, smittevernuststyr, test/analyse, medikament og medisinsk teknisk utstyr (respiratorar).

All den tid det er utbrot i regionen tilnærma kontinuerleg er det grunn til å halde fram med dei generelle tiltaka innan smittevern. Det er framleis forlenga ventetid for nokre pasientar etter ein forholdsvis lang periode med redusert drift.

Tiltaka som skal hindre spreiling av smitte på sjukehusa medfører auka bruk av ressursar, og noko redusert drift.

Spreiling av smitte skjer gjennom lokale utbrot. Men uavhengig av kor stort smittetrykket er, må føretaka kontinuerleg ha stort fokus på og beredskap for handsaming av mistenkte og

stadfesta smitta pasientar. Dette har kontinuerleg innverknad på den totale drifta, all den tid smitteverntiltak krev tid og ressursar. Større utbrot av smitte vil kunne føre til langt fleire covid-19 relaterte innleggingsar, noko føretaka er godt førebudd på gjennom beredskapsplanane.

Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for behandling starta for alle fagområde i januar var 65 dagar. Dette er ei auke på om lag 6 dagar samanlikna med desember.

Prioriteringsregelen

Per januar 2021 er ingen av dei regionale eller nasjonale målsettingane for ventetid oppfylt innan nokre av de fire fagområda. Innan TSB var ein nær målet, med ei samla gjennomsnittleg ventetid på 31 dagar. Innan somatisk sektor låg ein eit godt stykke unna målsettinga.

Sjukefråvær

Per januar 2021 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 8,13 %. Det sjukemeldte fråværet for januar 2021 var på 6,34 %. Av samla sjukefråvær utgjer koronarelatert fråvær 0,73 %. Det vil sei at samla sjukefråvær for føretaksgruppa utan koronarelatert fråvær er på 7,40 %. Dette er 0,11 % høgare enn januar 2020. Talet på medarbeidarar i karantene eller anna koronarelatert fråvær varierer og aukar i periodar der det er høg smitte i samfunnet. Så langt har føretaka klart å handtere auke i karantene og anna koronarelatert fråvær. Status over vaksinerte medarbeidarar per 1. mars 2021 var 8. 396 som har fått første dose og 3 702 som har fått andre dose.

HMS/kvalitet

Vald, truslar og trakassering mot tilsette hittil i år per januar 2021 er totalt 198 dette er 75 færre enn i same periode i 2020. Hittil per januar 2021 er det meldt inn 15 truslar om drap, medan det var 28 i same periode i 2020. Truslar om vald hittil per januar 2021 er 36, medan det var 47 truslar om vald i same periode 2020.

Økonomi

Det samla resultatet for føretaksgruppa er per januar 2021 på 25,2mill. kroner, som er 38,5 mill. kroner lågare enn budsjettert.

Helse Vest har i inntektsfordelinga for 2021 fordelt midlar til helseføretaka for å handtere konsekvensane av auka beredskap som følgje av Covid 19.

Helseføretaka hadde i 2020 ein positiv økonomisk effekt som følgje av auka løyvingar og rapporterte økonomiske konsekvensar av Covid 19. Denne positive fordelen må derfor sjåast opp mot resultatet i 2021. Når dei øyremerkte midla som er gitt til Covid 19 i 2021 er brukt opp, vil helseføretaka få eit negativt budsjettavvik. Dette budsjettavviket må sjåast opp mot

den positive effekten av Covid 19 midlar i 2020. Eit slik budsjettavvik vil såleis vere eit «styrt» budsjettavvik.

Resultatet pr. januar er som følgjer pr. føretak:

| | Januar 2021 | | |
|-----------------------|---------------|---------------|----------------|
| | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik |
| Helse Stavanger | -7 897 | 12 083 | -19 981 |
| Helse Fonna | -8 493 | 2 833 | -11 326 |
| Helse Bergen | -9 470 | 12 500 | -21 970 |
| Helse Førde | 858 | 2 806 | -1 948 |
| Sjukehusapoteka VEST | 139 | -594 | 734 |
| Helse Vest IKT | 1 788 | -1 369 | 3 132 |
| Helse Vest Morselskap | 48 278 | 35 434 | 12 844 |
| Til saman | 25 203 | 63 693 | -38 515 |

Det er stor usikkerheit knytt til kor lenge pandemien vil vare. Føretaka har vurdert det slik at dei øyremerkte midla til Covid 19 i 2021 samt den positive effekten frå tildelingane i 2020 vil dekke den økonomiske konsekvensen av pandemien fram mot sommaren dersom smitten ikkje aukar i omfang og vaksineringa går som planlagd.

Administrerande direktør si vurdering

Resultatet på de fleste helsefaglege indikatorar er framleis prega av Covid-19 i januar 2021.

Aktiviteten i januar er lågare innan somatikk og psykisk helsevern, medan poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern er høgare enn same periode i fjor. For TSB er den polikliniske aktiviteten høgare enn til same tid i fjor.

Ventetider for somatikk var i januar 5 dagar høgare enn tilsvarende periode i fjor. Ventetider innan psykisk helsevern vaksne er 2 dagar lågare enn same periode i fjor, men likevel høgare enn målkravet. Ventetider for psykisk helsevern for barn og unge var 43 dagar som er 2 dagar høgare enn same periode i fjor. Ventetider for tverfagleg spesialisert rusbehandling låg 1 dag over målkravet. Helseføretaka hadde ventetid under målkravet, medan private tilbydarar låg over målkravet for TSB. Prosentdel fristbrot har auka igjen i januar. Det er stor variasjon mellom føretaka og det er størst del fristbrot innanfor somatikken.

Resultatet for januar månad viser eit negativt avvik i forhold til budsjett. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å bli om lag som budsjettert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2021 til etterretning.

Sak 019/21 Årsmelding 2020 frå pasient- og brukaromboda i Norge og i Helse Vest

Gro Snortheimsmoen Bergfjord, Ingrid Aanderud Sælen og Jannicke Bruvik presenterte årsmeldingane og tenesta til pasient- og brukaromboda i Helse Vest.

Oppsummering

Pasient- og brukaromboda i Vestland, kontor Førde og kontor Bergen, og Rogaland har kvar for seg lagt fram årsmelding for 2020. Det er også utarbeida ei nasjonal årsmelding frå Pasient- og brukaromboda i Noreg, www.pasientogbruikerombudet.no

Pasient- og brukaromboda arbeider for å ivareta pasientane og brukarane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta og overfor den kommunale helse- og sosialtenesta.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbetra.

I dei fleste tilfella er det nok at pasientomboda gir informasjon og rettleiing. Dette er informasjon som helsepersonell i utgangspunktet har ansvar for å gi slik at pasienten kan ivareta sine rettar som pasient.

Klagesaker til pasientomboda utgjer eit viktig grunnlag for forbettingsarbeid i helseføretaka.

Pasient og brukaromboda kan mellom anna hjelpe med:

- Råd og rettleiing om rettar du har som pasient, brukar eller pårørande
- Korleis du går fram ved søknad og klage
- Korleis skrive ein klage
- Møte helsepersonell og saksbehandlarar i saman med pasientane for å få svar på spørsmål i saka
- Råd om kva du kan gjere om du har fått ein pasientskade
- Råd om kor du kan henvende deg vidare dersom pasient og brukarombodet ikkje kan hjelpe deg

Til neste års nasjonale årsmelding frå pasient og brukaromboda ønskja styret fokus på dei gode initiativa som er teke landet rundt, og rutinar er lagt opp for å lære av kvarandre.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 020/21 Årleg melding for Helse Vest 2020

Saka var drøfta med konsentillitsvalde og konsenhovudverneombod.

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtekten for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneholder styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

Innspel frå styret:

Tabellen på side 26 om antibiotikaresistens må korrigeras.

Tekst om ekstern turnover må leggjast inn under kapitelet om bemanning.

For seinare år:

Ta inn informasjon om prosjekt/program og revisjonsprosjekt i Årleg melding.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente forslaget til årleg melding for 2020 med dei endringar som blei gitt i møtet, og sender over meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tok årleg melding for 2020 frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 021/21 Handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest

Oppsummering

I Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 blir det peika på at innan sikkerheitspsykiatrien er behov for å betre pasientforløpa, styrke tilbodet i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt å etablere butilbod i kommunane i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Regional plan for sikkerheitspsykiatri blei hausten 2020 utarbeida av ei arbeidsgruppe med deltakarar frå regional brukarutval, tilsettrepresentantar, verneombod, representantar frå helseføretaka og Helse Vest RHF. Klinikkdirktørane i psykisk helsevern i helseføretaka har følgt arbeidet tett.

Arbeidet med planen peiker klart i retning av at fagområdet må styrkast, også med omsyn til ressursar.

I utkast til plan blir det presisert at styrking av lokale sikkerheitsavdelingar skal få høgast prioritet.

Handlingsplanen blei sendt på høring til regionalt brukarutval og til helseføretaka med frist for innspel 1. februar 2021.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF legg forslag til regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri til grunn for vidare utvikling av tenestene innan sikkerheitspsykiatrien.

Planen blir sendt helseføretaka til oppfølging.

Føretaka blir bedne om å legge fram ein plan for korleis målsettingane skal bli nådd, inkludert økonomi og budsjett.

Planen må følgjast opp i styringsdokumenta til helseføretaka.

Sak 022/21 Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling 2021

Oppsummering

Helsedirektoratet har utgitt fleire nasjonale rettleiarar som greier ut fagleg praksis på fagområdet tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), samt pakkeforløp som strukturerer forløpet for pasientane når det gjeld diagnostikk og behandling. Fagområdet er godt omtalt, og tenestene har fleire faglege haldepunkt og rettesnorer.

I arbeidet med ein ny regional plan for TSB har Helse Vest RHF (Helse Vest) valt å ikkje gjenta det som allereie står i dei nasjonale føringane, men heller identifisere nokre områder som skal få særleg merksemd i åra framover. Desse områda er:

1. Digitale tenester – samhandling med pasientane
2. Identifisere pasientar i somatiske einingar som har alkohol- eller opiatavhengigheit
3. Pasientforløp mellom kommune, TSB og psykisk helsevern for ROP pasientar
4. Informasjonsflyt, pasientforløp og prioritering

For kvart område følgjer mål, tiltak og indikatorar for å kunne følgje med på områda.

Ny regional plan for TSB 2021 er pilot for eit større planarbeid i Helse Vest: Neste Generasjon Plan (NGP). Prosjektet NGP skal beskrive og prøve ut ein ny tilnærming til planarbeid med mellom anna digitale løysingar, vesentlig kortare og meir tydeleg prioritering av innsatsområde. Formatet for planen er derfor endra frå tidlegare kjente format på regionale planar. Planen er berre tilgjengeleg i nettbasert versjon.

Her er lenke til revidert regional plan for TSB 2021 <https://tinyurl.com/TSBplan>

Helse Vest har hatt ein brei prosess for utarbeiding av ny plan og val av innsatsområda. Kommunar, brukar- og pårørandeorganisasjonar og private leverandørar blei invitert til å gi skriftlege innspel til planen før oppstarten og til å gi høyringsinnspel då planen var ferdig.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF legg regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling til grunn for vidare utvikling av tenestar innan rusbehandling i helseføretak og hos private leverandørar.
2. Styret skal handsame eventuelle prinsipielle endringar i planen.
3. Styret vil årleg bli orientert om status for planen.

Sak 023/21 Sluttrapport - Plan for nasjonal iverksetting av ParkinsonNet

Saka er felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

I oppdragsdokumentet for 2020 fikk de regionale helseforetakene et felles oppdrag om å utarbeide en plan for nasjonal iverksetting av ParkinsonNet. For å svare ut oppdraget ble det satt i gang et prosjekt i samarbeid mellom de regionale helseforetakene, Helsedirektoratet og Norges Parkinsonforbund, ledet av Helse Vest RHF. InnoMed har bistått prosjektet.

Prosjekts sluttrapport «Plan for nasjonal iverksetting av ParkinsonNet» legges nå fram for styrene i RHF-ene før oversending til Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret går inn for at løsningsforslagene i den vedlagte prosjektrapporten legges til grunn for nasjonal iverksetting av ParkinsonNet
2. Rapporten sendes over til Helse- og omsorgsdepartementet

Sak 024/21 Evaluering anskaffing ambulanseflytenester

Saka er felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Under ledelse av Helse Vest RHF er det gjennomført en evaluering av prosessen med anskaffelse av ambulanseflytjenester. Det er utarbeidet en rapport som viser at det er gjennomført en grundig anskaffelsesprosess. Rapporten inneholder flere læringspunkter til framtidige anskaffelser.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar rapport fra evaluering av anskaffelse av ambulanseflytjenester til etterretning og ber om at rapporten oversendes Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 025/21 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret

Oppsummering

Ein gong i året blir eit utval styrande dokument lagt fram for styret. Tanken er å sikre god kunnskap om og oversikt over desse dokumenta samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Styret vil i løpet av 2021 få framlagt reviderte versjonar av følgjande styrande dokument:

- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 14. januar 2020
- b. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF, sist revidert 30. september 2019
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
- f. Etiske retningslinjer for Helse Vest
- g. Instruks for revisjonsutvalet
- h. Instruks for internrevisor

Sak 026/21 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2020

Oppsummering

Etter instruks skal revisjonsutvalet og internrevisjonen legge fram ein årsrapport, og den er som tidlegare år samla i eit felles dokument.

Styret blei også orienterte om at prosessen med tilsetting av ny leiar for internrevisjonen er i gang og tilsetting er forventa før sommaren 2021.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsrapport 2020 for revisjonsutval og internrevisjon til orientering.

Sak 027/21 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.09.2020, 03.12.2020 og 08.12.2020

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde ekstraordinært møte 14. september 2020.

Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpende arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 3. desember 2020.

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde ekstraordinært møte 3. desember 2020.

Denne protokollen vart godkjent av utvalet 8. desember 2020.

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde ordinært møte 8. desember 2020.

Denne protokollen vart godkjent av utvalet 16. februar 2021.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 14.09.2020 til orientering.
2. Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 03.12.2020 til orientering.
3. Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 08.12.2020 til orientering.

Sak 028/21 Plan for internrevisjonen 2021 - 2023

Oppsummering

Denne saka gjeld plan for regional internrevisjon i Helse Vest for dei neste to åra. Planen blir rullert årleg.

I dette saksframleggget vert det referert frå revisjonsutvalet si behandling av saka, og tilråding til styret. Sjølve plandokumentet ligg vedlagt.

Protokollert frå revisjonsutvalet si behandling 16.02.2021

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2021-2022 med følgjande prosjekt:

- *Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy*
- *Brukarmedverknad i føretaka*
- *Læring på tvers etter uønskte hendingar*
- *Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge*
- *Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar*
- *Bruk av avtalespesialistar*

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtok revisjonsplan 2021-2022 med følgjande prosjekt:

- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Brukarmedverknad i føretaka
- Læring på tvers etter uønskte hendingar
- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar
- Bruk av avtalespesialistar

Lukka del

Møtet var lukka med heimel i helseføretakslova § 26 første ledd.

Saka var unntatt offentligheit jf. offentleglova § 13 første ledd.

Sak 029/21 Informasjonstryggleik i Helse Vest

Oppsummering

Riksrevisjonen gjennomførte i 2019/2020 ein forvaltingsrevisjon i alle dei 4 regionale helseføretaka for å kartlegge førebygging mot angrep mot sine IKT-system.

Som eit ledd i dette gjennomførte Riksrevisjonen tekniske testar i Helse Vest IKT sin infrastruktur i veke 2 i 2020 og Helse Bergen HF og Helse Vest IKT sin infrastruktur i veke 5. Riksrevisjonen gjennomførte i tillegg intervju med personell i Helse Bergen HF, Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF i januar 2020.

Denne saka gjev ei oppsummering av dei tiltak som *er* gjennomført, og dei tiltak som er *planlagt* gjennomført i Helse Vest for å følge opp Riksrevisjonen sin revisjon.

Styret blei også orienterte om at Erik M. Hansen er tilsett som direktør for E-helse i Helse Vest RHF f.o.m. 1. mars 2021.

Styret ønskja årleg orientering om informasjonstryggleik i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok saka til etterretning.
2. Styret ba administrasjonen følge opp tiltak etter revisjon utført av Riksrevisjonen.

Ope del

Sak 030/21 Forsking i Helse Vest

Oppsummering

Forskinga i spesialisthelsetenesta har vekt på den pasientnære kliniske forskinga som bidreg til det kunnskaps- og erfaringsbaserte abeidet som er grunnlaget for helsetenesta. Integrasjon av forsking og klinisk verksemeld er viktig for å sikre at det vert forska på relevante problemstillingar, for å utvikle og styrke rett fagleg kompetanse, og for at resultat frå forskinga lettare skal kunne omsetjast i klinisk praksis. Forsking i føretaka bidreg til kontinuerlege forbettingsprosessar i tenesta slik at pasientane får ei trygg, god og framifrå helseteneste.

Regjeringa har fokus på pasientanes muligkeit til å delta i kliniske studiar og utprøvande behandling. I januar 2021 fremja Regjeringa *Handlingsplan for kliniske studiar 2021-2025* med 9 innsatsområder og 20 tiltak i perioden 2021-2025. Dei regionale helseføretaka har fått ansvar for fleire av tiltaka.

For å følje opp dette kan eit viktig verkemiddel for å nå desse måla kan vere å legge til rette for auka samhandling mellom helseføretaka i regionen, til dømes ved å sikre at studiar kan inkludere pasientar lokalt ved alle føretaka. Slik kan fleire pasientar få tilgang til ny diagnostikk og utprøvande behandling i tråd med dei grunnleggjande forventningane norsk helsehjelp har med omsyn til likeverdige tenester, berekraft og tilrettelegging for pasientar til å kunne medverke positivt til eiga helse. Det er behov for å sjå på tiltak for betre samhandling i regionen når det gjeld forsking generelt og kliniske behandlingsstudiar spesielt.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok saka til orientering.

Sak 031/21 Handlingsplan for kliniske studiar

Oppsummering

Forskinga i spesialisthelsetenesta har vekt på den pasientnære kliniske forskinga som bidreg til det kunnskaps- og erfaringsbaserte abeidet som er grunnlaget for helsetenesta. Integrasjon av forsking og klinisk verksemeld er viktig for å sikre at det vert forska på relevante problemstillingar, for å utvikle og styrke rett fagleg kompetanse, og for at resultat frå forskinga lettare skal kunne omsetjast i klinisk praksis. Forsking i føretaka bidreg til kontinuerlege forbettingsprosessar i tenesta slik at pasientane får ei trygg, god og framifrå helseteneste.

Nytt frå 2021 er eit fokus frå regjeringa på å auke talet på kliniske behandlingsstudiar, ref. *Handlingsplan for kliniske studiar 2021-2025*. Eit viktig verkemiddel for å nå desse måla kan vera å legge til rette for auka samhandling mellom helseføretaka i regionen, til dømes med å sikre at studiar kan inkludere pasientar lokalt ved alle føretaka. Slik kan fleire pasientar få tilgang til ny diagnostikk og utprøvande behandling i tråd med dei grunnleggjande forventningane til norsk helsehjelp med omsyn til likeverdige tenester, bærekraft og mogleik for pasientar til å kunne medverke positivt til eiga helse. Det er behov for å sjå på tiltak for betre samhandling i regionen kring forsking generelt og kliniske behandlingsstudiar spesielt.

Styret peika på at det er behov for eit kommunikasjonsprogram for å formidle dette til befolkninga. Det blir arbeidd med dette på Helsenorge.no.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok saka til orientering.

Sak 032/21 Fagleg rapport 2020

Oppsummering

Faglig rapport 2020 er den årlege rapporten frå Regionalt samarbeidsorgan for forsking og innovasjon, og omhandlar alle forskingsprosjekt som har fått tildeling frå Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar. Rapporten er utarbeidd av Regionalt kompetansesenter for klinisk forsking som er sekretariat for samarbeidsorganet. Rapport for 2020 er den 18. i rekka, og rapportane er tilgjengeleg frå Helse Vest si nettside om forsking.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporten «Faglig rapportering 2020» til etterretning.

Sak 033/21 Rapportering på byggeprosjekt i Helse Vest per 4. kvartal 2020

Oppsummering

Saka har som formål å gjere greie for status for store byggeprosjekt i Helse Vest, med særleg merksemd på risikoområder og eventuelle avvik. Byggeprosjekt med ei total kostnadsramme på over 500 millionar kroner inngår i denne rapporteringa. Byggeprosjekta vil bli inkludert i rapporteringa frå og med godkjent oppstart av gjennomføringsfasen.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok status per 4. kvartal 2020 for byggeprosjekt i Helse Vest til orientering.

Sak 034/21 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Leiar av regionalt brukarutval ga tilbakemelding om at brukarutvalet får god informasjon frå administrasjonen i møta, både generelt og om Koronasituasjonen.

Brukarutvalet ønskjer å vere involverte i arbeidet med revisjonsplan og i arbeidet med utarbeiding av styringsdokument. Dette blir det tatt høgde for på RHF-et.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 035/21 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev frå Universitetet i Bergen – Oppsummering etter møter mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Bergen
 - 230221
- Skriv 02 – Brev frå Helse Vest RHF – Oppsummering etter møter mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Bergen – 040321
- Skriv 03 – Møtereferat – Landingsplass for nytt redningshelikopter SAR Queen Helse Førde – 260221
- Skriv 04 – Møtereferat – Landingsplass for nytt redningshelikopter SAR Queen Helse Fonna – 010321
- Skriv 05 - Møtereferat – Landingsplass for nytt redningshelikopter SAR Queen Helse Stavanger
 - 050321
- Skriv 06 – Årsrapport frå AMU

Oppsummering

Det er også sendt brev til Helse Vest RHF frå UiS om medisinarutdanning. Styret ønskja å få tilsendt dette brevet.

Styret ønskja at RHF-et bidrar til å gå opp samarbeidsavtalane mellom HF-a og universitet og høgskular.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 24.03.2021 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Ingeborg Morken Medlem

Gunnar Berge Medlem

Sigurd Hille Medlem

Pernille Lysaker Medlem

Egil Olsen Medlem

Wenche Kristin Medlem
Røkenes

Marie Skontorp Medlem

